



Klepp Kommune

**Retningslinjer ved alvorleg
skulefråvær**

Innhald:

Rett og plikt til grunnskuleopplæring	3
Kva meiner ein med alvorleg skulefråvær?	3
Tidlege teikn på fråværsproblematikk:	3
Rutinar for fråvær	4
Kva gjer me når me har elevar som sjeldan kjem på skulen?	5
Risikofaktorar det er greitt å vita om når ein kartlegg	6
Heime	6
Ved skulen	6
Eleven	6
I tillegg til individtilpassa tiltak kan generelle tiltak vera	7
Råd til foreldre:	7

Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Opplæringslova § 2-1: Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Barn og unge har både rett og plikt til grunnskuleopplæring. Dette betyr at alle barn i Noreg har krav på å få grunnskuleopplæring, og samtidig er det eit lovpålagt ansvar for både føresette og barna sjølv å delta i denne opplæringa.

Opplæringsplikta gjeld frå og med det kalenderåret barnet fyller 6 år og varer til eleven har fullført grunnskulen, vanlegvis ved 10. skuleår.

Opplæringslova § 2-2: Ansvar for gjennomføring av opplæringa

Ansvarsfordelinga mellom skule og heim er tydeleg spesifisert. Skulen har ansvaret for å leggja til rette for eit godt læringsmiljø, både fagleg og sosialt, som fremjar helsa, trivselen og læringa til eleven.

Ansvaret til føresette er å følgja opp opplæringsplikta ved å sørgja for at barna møter opp og deltek aktivt i opplæringa.

Dette betyr at det er både ei individuell og felles forplikting mellom skulen og heimen for å sikra at barna får ei fullverdig utdanning og utviklar seg både akademisk og sosialt.

Kva meiner ein med alvorleg skulefråvær?

Definisjon: *“Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang/ ein hyppigheit som medfører bekymring knytt til den faglege utviklinga til eleven, samt den sosiale tilhøyrsele og utviklinga til eleven”*

Tidlege teikn på fråværsproblematikk:

- Ikkje dokumentert fråvær frå enkelttimar/fag- gjerne med eit mønster i fråværet
- Fråvær i meir enn 3 tilfeldige dagar på ein månad
- Høgt fråvær (10 dagar) per skuleår
- Eleven kjem ofte for seint
- Eleven møter opp på skulen, men forlèt skulen igjen i løpet av dagen
- Eleven møter opp på skulen, men forlèt klasserommet i løpet av dagen og vandrar rundt

Rutinar for frávær

1. Føresette melder om frávær via Visma skule. Kontaktlærar ringer heim så fort som mogleg i løpet av første fráværslag dersom fráværet ikkje er meldt ila 1.skuletime.
2. Frávær blir registrert av faglærar i Visma skule kvar time. Heildagsfrávær blir registrert/blir følgt opp av kontaktlærar. Dersom ein elev går heim pga sjukdom i løpet av dagen avklarar kontaktlærar dette med føresette før barnet forlèt skulen.
3. Frávær bør bli sjekka av kontaktlærar kvar veke. Frávær skal vere ei sak på alle trinnmøte/avdelingsmøter.
4. Dersom ein elev har meir enn 5 fráværslagar i løpet av en termin, skal heimen kontaktast av kontaktlærar for å kartlegge årsak til fráværet og vurdere behov for tiltak. Dette blir meldt til avdelingsleiar, rektor og ressursteam. Tiltak og dokumentasjon på kontakt med heimen må dokumenterast og leggjast i elevmappa i Visma Sikker Sak
 - a. Dersom fráværet er 3 dagar samanhengande og kjem av sjukdom, kan det dokumenterast av lege, slik at inntil 10 dagar pr. skuleår kan bli sletta frå vitnemålet frå og med 4.fráværslag.
 - b. Dersom fráværet skuldast vegring eller skulk skal det innkallast til møte med føresette, eventuelt også eleven. Set inn tiltak i samråd med elev og føresette.
 - c. Dersom ikkje tiltaka hjelper, gå vidare i Kleppmodellen til samhandlingsfasen. Kople på aktuelle instansar. Føresette kan henvise til BUP via fastlegen. Hugs sjekkliste før henvising til BUP!

Kva gjer me når me har elevar som sjeldan kjem på skulen?

Hensikt med punkta under er å oppretthalde ein “normalitet”. Ikkje vent med å sette i gang tiltak for å få eleven tilbake til skulen.

Det er viktig at føresette og eleven føler at dei høyer til skulen og at vi som skule signaliserer at opplæring både er ein plikt og ein rett eleven har. Vårt opplæringsansvar gjeld sjølv om eleven er heime

1. Skulen, fortrinnsvis kontaktlærer, har jamleg (gjerne dagleg) kontakt med føresette og/eller eleven, fortrinnsvis pr. telefon.
2. Iverksette tiltak som motverkar sosial isolasjon: forutsigbarheit i undervisning og friminutt, døme friminuttsaktivitetar
3. Skulearbeid er tilgjengeleg på showbie. Føresette hentar utstyr/bøker dersom det skulle vera nødvendig.
4. Det blir tilrådd å fylla ut AMFUP-skjema og gjennomføra ei monitorering /fugleperspektiv. Det blir oppretta aktivitetsplan dersom eleven opplever skulemiljøet som utrygt.

Risikofaktorar det er greitt å vita om når ein kartlegg

Heime

- overbeskyttande el. ettergivande foreldre (synest ofte synd på barnet som må gå på skulen når det ikkje vil/har vondt i magen/vondt i hovudet/ er kvalm).
- Usunn familiefunksjon og foreldre med psykiske vanskar

Ved skulen

- mobbing
- følt utanforskap og einsemd
- få/ingen venner, sosiale vanskar
- lite/dårleg samarbeid heim-skule
- manglande lærarstøtte,
- manglande tilrettelegging
- lære vanskar
- uforutsigbarheit
- opplever lite meistring i skulekvardagen.
Er det enkelte dagar eleven er oftare borte?
I så fall: kva fag er det den dagen?
Spiller prøver/karakterar/framføringar ein rolle i fråværet?

Eleven

- negativ tenking
- angst (ofte sosial angst eller separasjonsangst)
- avgrensa ferdigheiter til problemløysing
- lågt sjølvbilete
- manglande sosiale ferdigheiter
- høgt stressnivå
- nedstemt
- søvnevanskar
- engsteleg
- spelar mykje (dataspel o.l.)
- somatiske symptom

I tillegg til individtilpassa tiltak kan generelle tiltak vera

1. På samarbeidsmøte og i samtalar med eleven prøver ein å identifisera årsak til fråværet
 - Det er viktig å prøve og forstå kva årsaka til fråværet er, og kva som er oppretthaldande faktorar.
 - Kartlegg: Ved behov gjennomfør ein pedagogisk analyse for å få sett på både individ, aktør og kontekstperspektivet.
2. Føresette får ein kontaktperson/koordinator ved skulen som følgjer opp tiltak dersom føresette ikkje får eleven på skulen.
 - Føresette ringar kontaktperson dersom dei ikkje klarer å få eleven på skulen. Kontaktpersonen utfører då tiltaket som er bestemt.
3. Eleven møter kontaktperson før skuletid (på grupperom/kontor e.l.).
4. Eleven kan gjere avtale med medelevar som kan komme innom på morgonen for å ta følgje til skulen
5. Gå gjennom "Tips og råd om fråvær" med føresette og klargjera kva som blir forventa av heimen.
6. Evaluer tiltaka etter ei stund (ca.2 veker). Ta kontakt med heimen ved behov for nye tiltak.

Råd til foreldre:

- Følg med på showbie og bli kjent med timeplanen. Vurderingssituasjonar eller dagar som er utanom det vanlege (turar, osv.) kan gjere det ekstra vanskeleg for nokre elevar. Hjelp han/ho med å førebu seg til vurderingssituasjonar.
- Hald på rutinar uansett om du trur han/ho går på skulen eller ei. Stå opp til same tid, et frukost, kle seg osv.
- Dersom han/ho ikkje går på skolen og ikkje er sjuk, gjer dagen likevel mest mogleg lik ein skuledag. Arbeid med fag i showbie osv. Då er det lettare å kome tilbake til skulen.
- Ta barnet til legen viss han/ho klager over vondt i hovud/mage eller liknande. Barnet kan likevel gå på skulen, men heller få lov til å gå heim viss det ikkje går over (alltid i avtale med skulen).
- Det er viktig å fjerne lystbetonte aktivitetar i heimen som internett, tv, telefon, hyggelege aktivitetar med foreldre o.l. i skuletida.
- Samarbeid tett med skolen og snakk positivt om skulen
- Ha forventning til at han/ho går på skulen.